

Tabell D-k

Distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskot.

Tabellen viser bakgrunnstala for berekninga av distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskotet i 2013.

Kolonne 1 – Innbyggjarar per 1.1. 2009

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2009.

Kolonne 2 – Innbyggjarar per 1.1. 2012

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2012.

Kolonne 3 – Gjennomsnittleg skatteprosent 2009-2011

Kolonne 3 viser gjennomsnittleg skatteprosent for åra 2009-2011, i prosent av landsgjennomsnittet

Kolonne 4 – Soneinndeling

Kolonne 4 viser soneinndeling i det distriktpolitiske verkeområdet per 1. januar 2007. Soneinndelinga ligg fast til 1. januar 2014. For nærmere omtale av det distriktpolitiske verkeområdet viser vi til St.prp. nr. 57 (2007-2008), *Kommuneproposisjonen 2009*.

Kolonne 5 – Distriktsindeks

Kolonne 5 viser distriktsindeks per 1. januar 2007. For nærmere omtale av distriktsindeksen, som blei utvikla i forbindelse med utforminga av det distriktpolitiske verkeområdet, viser vi til St.prp. nr. 57 (2007-2008), *Kommuneproposisjonen 2009*.

Kolonne 6 – Distriktstilskot Sør-Noreg 2013

Kolonne 6 viser distriktstilskot Sør-Noreg i 2012. Tilskotet tildelast kommunar i Sør-Noreg som ligg i sone IV eller sone III i det distriktpolitiske verkeområdet, som ikkje mottek Nord-Noreg- og Namdalstilskot eller småkommunetilskot, og som har ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet.

Alle kommunar i sone IV kan få støtte, medan kommunar innanfor sone III får tilskot dersom den samfunnsmessige utviklinga er svak. Samfunnsmessig utvikling blir målt ved ein distriktsindeks som gir eit uttrykk for utviklinga i tilgjengeleight, demografi, arbeidsmarknad og inntekt. Kommunar i sone III som har en indeks lågare enn 35 får fullt tilskot, mens kommunar i sone III med indeks mellom 35 og 46 mottek redusert tilskot. Kommunar i sone III med indeks på 47 eller høgare, sone II og sone I mottek ikkje tilskot.

Distriktstilskudd Sør-Noreg gis med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Satsane er prisjustert frå 2012 til 2013. Tilskotet er basert på innbyggjartal per 1. januar 2012.

Satsar i 2013:

Sone og indeks	Per kommune (1000 kr)	Per innbyggjar (kroner)
Sone 4	3 619	850
Sone 3, indeks 0-35	2 715	636
Sone 3, indeks 36-38	2 172	510
Sone 3, indeks 39-41	1 631	382
Sone 3, indeks 42-44	1 087	256
Sone 3, indeks 45-46	544	128

Kolonne 7 – Befolkningsendring 2009-2012

Kolonnen viser prosentvis gjennomsnittleg årleg endring i innbyggjartalet i perioda 2009 til 2012. I berekningane blir det nytta innbyggjartal frå 1. januar 2009 og 1. januar 2012.

Kolonne 8 – Vekstgrense veksttilskotet 2013

Kolonnen viser vekstgrensa for å vere kvalifisert til veksttilskot i 2013. Vekstgrensa er lik 175 prosent av landsgjennomsnittlig årlig befolkningsvekst frå 1. januar 2009 til 1. januar 2012. I perioden som ligg til grunn for berekningane av veksttilskotet i 2013 er gjennomsnittleg årleg vekst for landet 1,28 prosent, og vekstgrensa blir 2,24 prosent.

Kolonne 9 – Innbyggjarar ut over vekstgrensa

Kolonne 9 viser talet på nye innbyggjarar ut over vekstgrensa på 2,24 prosent.

Kolonne 10 – Veksttilskot 2013

Kolonne 10 viser kva den enkelte kommune får i veksttilskot i 2013. Sats per nye innbyggjar ut over vekstgrensa er i 2013 45 232 kroner. Veksttilskotet til kommunen i 2013 er lik talet på nye innbyggjarar utover vekstgrensa (kol. 9) multiplisert med 45 232 kroner.